



Kommunen har no stoppa dette byggjearbeidet fordi byggjestopp gjeld i området (Foto: Ola Matti Mathisen).

Kommunen har no stoppa eit byggjearbeid som var i gong på den delen av campingplassen som Elin Enes eig. Saksbehandlar Jon Harald Kjærland skriv dette til henne etter å ha gjennomgått saks materialet og retningsliner som gjeld innafor reguleringsplanen:

” Det oppstarta byggjearbeidet går utover dei små lette konstruksjonane som ein rekna som ”tretelt”. Byggjearbeidet synest å vera ein permanent isolert bygning på over 12 kvadratmeter, som ein ikkje anser kan demonterast seksjonsvis på under to timar, konf. retningsliner for tretelt.

Byggjetiltaket er difor å sjå på som søknad-/meldingspliktig etter plan- og bygningsloven. Ein vil ikkje kunne starte noko byggjearbeid her sidan det innanfor dette planområdet er gjort vedtak om byggjestopp, jfr. forvaltningsstyrevedtak 200661163 av 6.9. 2006.

De vert bode om at dei oppsette konstruksjonane snarast vert montert ned og eventuelt lagra til reguleringsplanen er tilstrekkeleg avklart for søknad om løyve til nye tiltak i tråd med den. Vi ber om at de som grunneigar ser til at byggjestoppen vert respektert”